



Vikøy sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

tysdag 5. mars 2019 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

Frammøtte:

Ingvill Sørheim, Eimund Solsvik, Edmund Tolo, , Odd Øygarden., Roar Strømme, Kari Bente Valland
Træbakken, Gudrun Skeie Langeland

Møtte ikkje: Astrid Helleve Fylkesnes, Arvid Strømme og Siri Moripen Øverland

Arnfinn Hopland møtte som varamann

Rebecca Opsahl-Engen , permisjon

Opning v/ Eimund

Sak 11/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 5.februar

Innkalling og referat godkjend med merknader og retting av namnet i sak nr. 6/ 19 Føremiddagstreff 2019

Roar har nokre innspel under eventuelt,

- dato for jubileumsgudstenesta (30 år)
- Føremiddagstreff 28. mars, (orienteringssak)

Sak 12/19 Orienteringar og nytt i kyrkjelyden

- Kateketsituasjonen
 - Det er no tilsett kateket. Dette er med atterhald i godkjnd eksamen, den siste i mai.
 - Ho er komen til bygda, kjem frå Madagaskar, men har budd i Noreg i 7 år.
 - Dato for vigsling er utett til denne er på plass, datoen 8.september er sett av til dette og konfirmantpresentasjon er endra til 25 august.
- Diakonsituasjonen
 - Her er det tenkt å lysa ut full stilling med utgangspunkt for 1,5 år, og så dekkja inn gjennom innsamling. Det er berre i utgangspunktet 50% av midlane som er dekkja. Denne utlysinga vert lagt ut før påske.
- Temakveld 21.mars.kl.1900
 - Tema: „*Nestekjærleik i ny tid*“. ved prof. Jørn Øyrehagen Sunde. Dette er i regi soknerådet. Kostnaden 2000 NOK til Kirkens Bymisjon.
 - Gudrun Skeie Langeland er ansvarleg for arrangementet og syter for at det kjem inn lysing i HF, sjekk størrelse med Olav Skeie Lid. + notat i „det skjer“stripa.

- Leiar for kvelden. Odd Øygarden
- 28.mars k.12.30 Føremiddagstreff
 - Startar med ei lita matøkt før Gunnar Ajer kjem med song og musikkprogram. Odd Øygarden er kontakt på dette arrangementet. Utgifter 3000 NOK honorar + noko reiseutgifter.
 - Odd ordnar også annonsering

Sak 13/19 30-årsjubileum Nhs kyrkje

- det kan av fleire grunnar vera lurt å skyve det planlagde jubileet (19.mai) lengre ut på året. Framlegg om delt feiring på 2.juni og ein søndag i oktober/november
 - 4. juni 1989 er den eigentlege dagen for jubileet, 2.juni kjem Frelsesarmeen sitt korps på besøk.
 - Soknerådet føreslår utsetjing til 17.november og bed Kvammakoret delta med messa som var brukt ved opninga v/ Olav Skeie Lid.

Sak 14/19 Val av konfirmasjonsdag(ar) frå 2020, jmf. vedtak sak 21/17

- spørsmålet er om ein skal imøtekoma ønskje om konfirmasjon på laurdag
 - Det er særleg kommentarar med tanke på dei som ynskjer konfirmasjon i Vikøy
 - Sjølv om dette er ei gudsteneste er det få andre enn gjestene tilknytte konfirmantane som møter.
 - Dei siste åra er det berre 3 og 4 som har ynskt denne Vikøy og over 30 i Norheimsund. Dermed var det ikkje arrangert i Vikøy
 - Vi opnar for ynskje til konfirmasjon i Vikøy, men må ha minst 6 konfirmantar for å arrangera noko der i samsvar med vedtak i sak 21/17.
- **Forslaget om at det vert opna for konfirmasjon laurdag vart vedteke mot ei røyst.**
 - Det er i år 35 konfirmantar totalt og det betyr at ein bør dela det i to gudstenester uansett.

Sak 15/19 Kyrkjelyden sitt årsmøte 24.mars

- årsmelding, framlegg til årsmelding vert ettersendt
 - Mindre rettingar vart gjorde i årsmeldinga ved gjennomgang
 - Ingvill Sørheim sender ut den retta meldinga og tek utskrivne kopiar med på møtet.
 - Årsmeldinga er eigentleg ei orientering og det skal ikkje gjerast vedtak i samband med denne på årsmøtet.
- rekneskap, rekneskapen vert truleg ettersendt
 - Rekneskapen vart delt ut på møtet og Eimund Solsvik gjekk gjennom denne
- praktisk ansvar for soknerådet på årsmøtet
 - Invill og Gudrun bakar.
 - Tema i tillegg til dei vanlege årsmøtesakene, velkomst av Mampion etc.
 - Kyrkjevalet, appell om å stille til val ved Gudrun S. Langeland evt.Magne Kolstad?

Sak 16/19 Kyrkjevalet 2019.

- nominasjonskomite til soknerådsvalet, val av ein tredje person
 - Gudrun Skeie Langeland og Magne Kolstad har starta arbeidet, men har så langt ikkje lukkast å finna kandidatar.
 - Det burde også vore ein ekstra i nominasjonskomiteen.

- framlegg til lek-kandidatar til bispedømerådet/kyrkjemøtet
 - Frist er eigentleg 1.mars.
 - Det er ikkje kome informasjon i tide.
 - Hans Atle Soldal er i nominasjonsnemnda, 1. Møte 19.mars.
 - Vi kan endå føreslå kandidatar. Desse må vera spurde på førehand.
 - Skriv frå soknerådsleiaren i Strandebarm er teke til vitande

Sak 17/19 Konfirmantfest 25.april

- val av komite
 - Ingvill leiarog lagar quiz eller liknande
 - Mat som sist. Tacogryte frå Marit Botnen
 -

Sak 18/19 Flytting av soknerådsmøtet 2.april til 7.mai?

- Dette vart vedteke å ha møtet 2. April

Sak 19/19 Eventuelt

- Skal det vera Gudsteneste i Vikøy 31.12. Dette utset me til neste møte.
- Det var lite av dei faste kyrkjegjengarane i gudstenesta på den tilrettelagde gudstenesta(gudteneste for alle). Det var også eit problem at det var kollisjon med vaktskifte i bufellesskapa, men det var likevel godt frammøte.
- Føreslått at fastelavns gudstenesta (gudteneste for alle) vert koordinert med bedehuset slik at dette ikkje kjem i direkte konkurranse.

Neste møte er 2 . april 2019, kl 18.00

Edmund Tolo, referent